



Kontrollutvalet sin rapport for 2021

I tråd med NIF sin lov § 2-12 gir Kontrollutvalet i Ål IL følgjande rapport.

Kontrollutvalet skal sjå til at:

- idrettslaget sine midlar er brukt i tråd med lover og reglar.
- idrettslaget sine midlar går til dei aktivitetane som laget/årsmøtet har bestemt.
- idrettslaget sine økonomiske disposisjonar er i samsvar med idrettslaget sin eigen lov.
- idrettslaget har økonomisk kontroll internt.
- årsrekneskapen og rapportar gir eit rettvisst bilde av idrettslaget sin drift.

Kontrollutvalet vil innleiingsvis påpeike at nyorganiseringa av Ål IL sin rekneskapsføring med spesifikke krav til system og struktur er eit stort framsteg.

Rekneskapen er ført av felles rekneskapsfører for hovudlag og undergrupper og ferdigstilt i god tid.

Kontrollutvalet har kontrollert resultatrekneskap og balanse for hovudlaget og alle undergrupper.

Det er utført nokre stikkprøver i rekneskapen til undergruppene.

Forvaltning av ressursane og økonomistyringa ser ut til å vere tilfredsstillande, og at midlar blir nytta i samsvar med lover, vedtak, løyvingar og økonomiske rammer.

Vi har utført følgjande handlingar:

Me har gått gjennom protokoll for årsmøtet og styreprotokollane.

Me har fått dei opplysningar me har bedt om frå styret/administrasjon.

Me har gått gjennom styret sin årsmelding for 2021 og årsrekneskapen for 2021.

Kontrollutvalet har følgjande merknad til forvaltninga av idrettslaget:

Kontrollutvalet finn at styret har følgd opp årsmøtevedtak og utført den generelle forvaltninga av Ål IL på ein god måte. Basert på det materialet vi har fått tilgang til, er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknad ut over det som går fram av denne rapporten.


Kontrollutvalet har følgjande merknad til den framlagte rekneskapen:

Balanserekneskapen syner at Ål IL har store eigedelar og ein sær god likviditet, sjølv om det er stor variasjon mellom dei ulike undergrupper. Grupper med svak likviditet er naturleg nok òg dei med låg aktivitet og minst økonomibehov. Balanserekneskapen gir eit godt bilde på Ål IL sine verdier, og notane gir naudsynt underlag for å vurdere Ål IL sin stilling og resultat.

Driftsrekneskapen syner positive resultat i AU og 6 grupper, medan 3 grupper har eit lite underskot. Totalt for Ål IL samla finn me 790 000 kr i overskot. Det er betryggande å sjå at dei utfordringane som Handballgruppa hadde tidlegare, no ser ut til å vere handtert på godt vis. Med rekneskapsnote 12 ligg det ei forventa korrigering av økonomisystem og praksis i Rekkertgruppa. Kontrollutvalet har ingen andre merknadar til rekneskap, om Rekkertgruppa for framtida rettar opp dette.

Konklusjon

Kontrollutvalget kan tilrå at årsmelding og årsrekneskap for 2021 blir godkjent av årsmøtet.

Ål den 20. mars 2022

Trond Kleppen


Tore Dokken